

Årsmelding 2014 for

Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne
(RMNF)



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har i 2014 handsama 52 vedtaksaker. Mange av dei er rutinesaker, ein del høyringar, fleire synfaringar, temadagen "Grenselaus kultur", og den årlege fellessamlinga for alle fylkesråda i Noreg.

Amalie Skram vidaregåande skule

Ei av dei viktigaste og mest positive sakene for rådet i 2014, er Amalie Skram vidaregåande skule. Saka starta i førre rådsperiode, og rådet var aktivt med i planarbeidet. Først eit arbeidsmøte med arkitektane der ein hadde fokus på tilgjenge, og seinare eit liknande møte der ein tok for seg andre forhold ved Universell utforming, hørsel, syn, akustikk, ventilasjon osv. Både det fylkeskommunale rådet og rådet i Bergen deltok i begge møta, og kom med konstruktive kommentarar som arkitektane tok med i det vidare arbeidet. Dette gjaldt både skuleledelen og symjeanlegget. 29. oktober var begge råda på synfaring på Amalie Skram vidaregåande, og det var ei positiv oppleving å sjå at forslaga til endringar som råda hadde, no var gjennomført. Denne sakshandsaminga viser kor viktig det er at rådet kjem inn på planstadiet, og kor viktig det er at arkitektane har god forståing for universell utforming, og at dei tek rådet med tidleg i prosessen.

Voss vidaregåande skule

Ei anna og viktig sak i 2014 var Voss vidaregåande skule. Der kom ikkje rådet inn før forprosjektet var ferdig, og fristen for uttale var så kort, at ein måtte ha eit ekstramøte for å få komma med uttale. Det meste var bra i planane, men rådet peika på eit forhold i kantina. Der hadde arkitektane laga til som eit amfi med tre nivå. Rørslehemma hadde tilgjenge til nivå 1 og 2, men ikkje til nivå 3. Rådet peika på at dette er sosialt ekskluderande. Kantina var derfor ikkje universelt utforma. Rådet er seinare informert om at det vert gjort endringar i planane, slik at alle deler av kantina no vert tilgjengeleg.

Synfaring på rehabiliterte skular og klinikkar

Rådet har elles vore på synfaringar både på tannklinikkar og skular som er rehabilitert, eller er under rehabilitering, og levert rapport tilbake til bygg- og eigedomsavdelinga. Ein har her ein svært god dialog, og rådet blir tatt med vidare i planane.

Skyss og Bybanen

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har dei siste åra fått ein god dialog med Skyss, og

har jamleg fått orienteringar frå Skyss om utbyggingsplanar for Bybanen og kollektivknutepunkt.

TT-ordninga

Justeringa av kriteriene for TT-ordninga er også ei sak rådet har jobba for, og rådet er nøgd med dei endringane som er gjort.

Kultur

Siste året har rådet også hatt større fokus på kultur, både tilgjenge til lokalet, men kanskje mest til opplevinga for publikum. Ei ros til kulturavdelinga i fylket og til Den Nasjonale Scene for nytenking når det gjeld å få formidla kulturen til nye publikumsgrupper.

Synfaring på Cornerteateret

På førespurnad frå kultur- og ressursutvalet var rådet på synfaring på Cornerteateret 10.01.14. Bakgrunnen var ein søknad om driftstilskot på kr 500000,-. Hordaland fylkeskommune ville stilla vilkår om universell utforming før utbetaling. Ei fylldig rapport er å finna i møtereferat for rådet frå 10.01.14. Grunnlaget for søknaden var etter dei gamle Tek-07 (byggteknisk forskrift), der krava til universell utforming er lågare enn etter Tek-10. Bygget er tilrettelagt med universell utforming for publikum i 1. etasje.





Konferansen «Grenselaus kultur?»
 – Det heile kjem an på motivasjon, seier Marco Elsafadi med Jostein Ljones og Harald Norheim i Rådet for menneske med nedsett funksjons- evne i Hordaland (t.v.). Ingeborg Borgen Takle er sekretær for rådet.

Medlemar i rådet

Leiar:	Ellinor Kreybu	FrP
Nestleiar:	Harald Norheim	SAFO
Medlem:	Kjell Søvik	FFO
Medlem:	Kjersti Edvardsdal	FFO
Medlem:	Tore Svane	FFO
Medlem:	Jostein Ljones	SP
Medlem:	Neshe Lie	H
Varamedlem:	Inger S. Ulvund	FrP
Varamedlem:	Sølvi Gripsgård Knudsen	SAFO
Varamedlem:	Karl Peder Henriksen	FFO
Varamedlem:	Inge Fiskvik	FFO
Varamedlem:	Laila Sørheim Bø	FFO
Varamedlem:	Marthe Hammer	SV
Varamedlem:	Ingebjørg Winjum	H

Mandat for RMNF finn ein på rådet si nettside: www.hordaland.no/RMNF

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00

www.hordaland.no

Organisasjonsavdelinga, Mai 2015